

KRAFTSKATT

Kraftskatteutvalet (Sanderud-utvalet) føreslår endringar i gjeldande konsesjons- og skatteordningar på vasskraftsektoren som medfører eit skattebortfall frå vertskommunane og fylkeskommunane med ca 4,4 mrd. kroner.

Samstundes føreslår utvalet ei innskjerping av grunnrenteskatten med auka inntekter til Staten med ca 4,4 mrd. kroner.

Vestland SV er usamde og djupt uroa over forslaga.

Konsesjonskraftordninga har i meir enn hundre år vore eit vederlag til kommunar for naturrikdommar som gjennom vasskrafta er avstått til storsamfunnet - erstatning for generelle skadar og ulemper på naturmiljø og omgivnader - og er difor ei miljøavgift.

Forslaget om å avvikla dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft må makulerast. Desse ordningane er nedfelte i dei gjevne konsesjonane som eit grunnvilkår og med same varigheit som konsesjonane. Ei avvikling vil vera eit brot med samfunnskontrakten (jf. Johan Castberg 1909*) mellom storsamfunnet og dei lokalsamfunna som har avstått naturressursane sine. Forslaget om endra verdisetjingsprinsippet for eigedomsskatt er i strid med eigedomsskattelova og må avvisast.

Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet - i klimakampen -, må sitja att med ein klar gevinst.

SV vil difor sikre at kommuner som tar belastninga med kraftutbygging blir sikra samme inntektsnivå som dagens og at ein greier ut korleis ein best kan sikre fleire insentiv for kommunane til å bidra i målet om meir rein kraftproduksjon.

Vedteke årsmøtet Vestland SV 9. februar